



Turlagsleiar Kjell Yri saman med Nicolas Rodrigvez frå Bergen Turlag. Bilete på skjermen er frå Mannsvatn med Steinaheiane bak.

**Det er tværrpolitisk semje om å sei nei til vindkraft i Kvinnherad. Alle partia som møtte fram til folkemøte på Husnes i kveld, var klare på at ein ikkje ynskjer vindmøller i Kvinnhersfjella. Ikkje alle svara like tydeleg på kva standpunkt moderpartia på Stortinget har og kva ein gjer for å påverka opp i systemet. Høringsfristen går ut 1. oktober og det er høve for alle, privatpersonar, lag/organisasjonar, å senda fråsegner.**

Uskedalen hadde ein sentral plass i innlegga og drøftingane på folkemøte i kveld. Områda i Kvinnherad er nemleg Solfjell/ Hauglandsfjellet, Ulvanoso, Englafjell, Manen, Husnesfjella, Fjellhaugen og Halsnøy/ Fjelberg. Dette er mellom anna fjella som høyrer til område 51 i Nasjonal rammeplan - Sunnhordland og Haugalandet.



Folkemøte samla mykje folk i Kulturhuset Husnes i kveld.

Klatregruppa i Uskedalen ved Veslemøy Haugland og Kristine Reime Frøystein hadde ein sterk appell om å ta vare på dei unike fjella i Uskedalen som er av nasjonal verdi med sine klatreruter og høve for friluftsliv.



Klatregruppa i Uskedalen ved Veslemøy Haugland og Kristine Reime Frøystein framførte ein god appell.

Nicolas Rodrigvez frå Bergen Turlag let oss få innsyn i faktagrunnlaget. Mellom anna sa han dette:

- Vindmøllene kan vera opp til 250 meter høge
- Det trengst 800 meter veg pr. vindturbin
- Til kvar turbin går det med ein oppstillingsplass med storleik som ein halv fotballbane
- Private selskap ( ofte utanlandske) tek ut profitten
- Støy opp mot 110 desibel

- Farlege iskast frå turbinblada og skade på dyrelivet
- Turbinane er synlege frå minst 50 km avstand

Det er i dag mest vindmøller i Trøndelag og i Rogaland. 36 prosjekt er bygde. Berre eit av desse ligg i Hordaland. Innan 2021 vil det vera utbygd vindkraft tilsvarande 15 Terrawattimar ( TWh ). Det utgjør 10 % av vårt kraftsystem. 1 TWh tilsvarar straumforbruket til 50 000 husstandar.

Rodriguez kom også inn på faktorar som er avgjerande for om eit område er aktuelt for utbygging. Avstanden til næraste tettstad har noko å sei. Det er ikkje aktuelt å ha vindmøller i ein nasjonalpark. Vindstyrken må i snitt vera på 6 meter pr. sekund. Bratte og skredutsette område er ikkje eigna. I tillegg skal det vera ein buffer på 1 km til næraste tettstad. Tek ein med alt dette, står ein att med eit avgrensa område i Husnesfjella, Uskedalen og evt. Fjellhaugen/ Blådalen.

Mari Varanes Teigen oppmoda alle om å engasjera seg og senda uttale innan fristen 1. oktober. Skriv innlegg, snakk med folk, ta bilete og legg ut på Facebook og støtt underskriftsaksjonar.

Til opning og til slutt las Magne Heien sjølvskrivne dikt. Eit av dei lyder slik:

### **Gjest**

***Her inne i fjellet er du berre ein gjest.***

***Dei som bur her følgjer deg med augo.***

***Den vesle stien, bekkane og steinane, den bratte grasbakken, dei høge fjellsidene, elva og vatnet, fuglane og dyra er husfolket her.***

***Trø audmjukt inn over dørstokken.***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal